

Kjell Vassenden  
Teigdalsvegen 800  
5707 Evanger

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)  
Postboks 5091  
Majorstua  
0301 Oslo

Evanger, 31.oktober 2021

## **UTTALE TIL REVISJONSDOKUMENT «Vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk – Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget»**

Som grunneigar ynskjer eg med dette å kome med innspel til BKK sitt revisjonsdokument «Vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget», som vart lagt ut på offentleg høyring den 06.07.21.

Her er lista opp fleire punkt som eg som grunneigar er oppteken av og som eg meiner bør innarbeidast i nye konsesjonsvilkår for BKK.

Etter kraftutbygginga har tilhøva for fisk og fiske i Teigdalselva endra seg dramatisk. Som avbøtande tiltak har det blitt utført fleire habitatforbetrande tiltak. Disse viser seg å ha en negativ effekt for landbruket.

*Anleggsvegar:*

**Disse må vedlikehaldas og haldas opne for allmenn ferdsel, men med omsyn til villreinen. Vegane er viktige for landbruk, bygdefolket og turistar.**

*Landbruk:*

*BKK skriv: Det er ikkje rapportert om store skadeverknader frå reguleringa langs Teigdalselva.*

Utklipp av løyve frå Voss herad: «Voss herad har vore på synfaring og meiner det er stort behov for å sikre innmark og tun mot flaum, og erosjonssikring av elvebredda der elva naturleg vil erodere. Elva langs eigeidomen har ein på ei over 1000 meters strekke knapt 2 meters fall. Frå Århus og ned til Langeland har elva nærare 70 meter høgdeforskjell, dette medfører naturleg at elva grev lengre oppe og sedimenterer masser på Langeland. Det har årleg vore flaumsituasjonar som medfører stor ulempe for landbruksføretaket. Jf jordlova §1 skal ein legge tilhøva til rette for at arealressursane kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Me meiner tiltak er viktig for å ivareta jordressursane.»

**Her vises til løyve frå Voss Herad, synfaring frå Norsk Landbruksrådgiving og rapport frå COWI. Det er påvist auka erosjon, større sedimentering og ei generell masseforflytting i vassdraget frå Kråkefossen til Mestad etter habitattiltaka. Dette har ført til skade på dyrka mark ved at grunnvatnet kommer høgare opp i torva og det dannas sumpområder. BKK må påleggast å ha årlig vedlikehald på alle utlagde strømsettere og fiskeskjulesteder og sjå til at dei fungerer som dei skal, samt utføre erosjonsreducerande og flaumreducerande tiltak.**

*Flaum:*

*BKK skriv: I Teigdalselva er store flaumar redusert både i hyppighet og størrelse som følge av reguleringa.*

**Det er registrert fleire skadeflaumar, som er dokumentert som overløp på Volavatnet sjølv om vasstand i Volavatnet er logga kvar 7. dag. Det må bli betre kontroll av vasstandsreguleringa av Volavatnet slik at risikoen for flaum minimaliserast.**

Advokat Olav Pedersen skriv: «BKK må utføre erosjonsreducerende tiltak i området samt habitattiltak som beskrevet. Det aller viktigste er likevel at det må bli langt bedre kontroll på vannstandsreguleringen av Volavatnet. Det er BKK's ansvar når de har tatt på seg å regulere elven slik dere har gjort. Dere må følge nøye med og regulere vannstanden slik at risikoen for flom minimaliseres.»

**Og til slutt, dersom det skulle oppstå usemje rundt om eit tiltak i medhald av standardvilkåra kan krevjast utført eller ikkje, så bør regulant gjerast pliktig til å koste «motparten» sine eventuelle økonomiske utgifter i forbindelse med underbygging av kravet. Dette ut frå prinsippet om jevnbyrdige partar.**

Vedlagt ligger løyve frå Voss Herad, synfaring frå Norsk Landbruksrådgiving, COWI rapport og epost frå Advokatfirma Harris til BKK.

Me håpar NVE vil ta omsyn til våre innspel som framlagt her, og stiller gjerne opp dersom NVE treng meir utfyllande informasjon eller innsats frå vår side. Slik eg skjønar NVE vil det bli lagt stor vekt på innspel når nye revisjonsvilkår skal utformast.

Helsing  
Kjell Vassenden  
Grunneier Langeland



Teigdalselva og Langeland 1963



Habitattiltak 2018